

Årsmelding for 2024, Fyresdal Frivilligsentral.

Styret: Arne Dag Lassemo, Inger Angel, Olav Bjørnerud, Kari Eidem og Rita Metveit.

Aktivitetane som blir tilbydt gjennom Fyresdal Frivilligsentral blir annonsera på nettsida til Fyresdal Frivilligsentral, Kva skjer i Vest Telemark, i Kommuneinformasjonen og i oversikten Fyresdal kommune har kva måndag over aktivitetar som skjer komande veke.

Faste aktivitetar som har blitt drifta av Fyresdal Frivilligsentral året 2024:

Måndags kaféen, onsdags kaféen, strikke kafé, bridge kveld og fredagsbad. På desse aktivitetane møter det i gjennomsnitt 12/15 folk i alle aldrar. I tillegg til desse aktivitetane legg Fyresdal Frivilligsentral til rette for drifta ved Bruktbua på Meinstad. Dette er eit tilbod mange nyttar seg av, både med tanke på å kjøp av brukt, og som møteplass.

Gjennom året har Fyresdal Frivilligsentral prøva å halde liv i fredagslunsjen og prøvd ut bibliotektreff med høgtlesing. Vi starta året 2024 med tilbod til eldre om ferdagslunsj der vi bestilte varm lunsj frå POS. På grunn av lite oppmøte endra vi tilbodet, og tilbydde bibliotektreff med høgtlesing frå september 2024 og ut året. Her var det og lite/ingen oppmøte, så frå 2025 bestemte dei frivillige seg for å legge ned tilbodet på ferdagane.

Faste aktivitetar frivillige, frivillige lag og organisasjonar tilbyr inn Fyresdal Frivilligsentral: Drodle-kveld med Judith, dart på Gardar - to kveldar i veka med Buls Eye», veving med vevkjeringane på Gardar, symjetrening for vaksne i symjehallan, og onsdagstur med turlaget. Desse aktivitetane er fine og gode og ein viktig sosial arena for samvær og sosial omgang.

Enkeltstående aktivitetar Fyresdal Frivilligsentral har arrangert:

Johanne Refseth, «Psykolog med sovepose», kom med foredraget «NATUREN SOM LYKKEPILLE» 25.april til Kulturhuset. Hennar budskap handla mykje om kva friluftslivet kan bidra med for å styrke vår psykiske helse.

I etterkant av dette arrangementet invitera Fyresdal Frivilligsentral til ulike friluftslivaktivitetar i nærområdet gjennom mai og juni. Desse aktivitetane hadde som mål å få fleir ut - saman, og oppleve noko av det «Psykologen med sovepose» formidla i foredraget sitt, slik som fellesskap – problemløysing – meistring mm.

I juni invitera Fyresdal Frivilligsentral alle som hadde jobba i Frivilligsentralen til gratis middag på Åsberg. I Fyresdal Frivilligsentral sine liste er det registrera 39 frivillige. Til denne middagen møtte det 22 flotte frivillige.

Fyresdal Frivilligsentral arrangera «Stolpejakten 2024». Det blei sett opp 38 stolpar på ulike stadar i Fyresdal. Stolpane sto ute frå medio mai til starten av september. I

Fyresdal vart det registrera 2653 stolpejegerar og 16 765 stolpetreff. Dette er veldig bra, og vi er veldig fornøgde. Vi held fram med nye stolpar sesongen 2025.

I juni arrangerte Fyresdal Frivilligsentral til familietur over Tjørndalsristene, med 9 deltakarar.

Fyresdal Frivilligsentral arrangerte aktivitetsdag for eldre på Fiskebustøylen i september i samarbeid med Jørund Valebjørg. Aktivitetane som blei tilbydd var tur, fiske og mat. 32 deltok.

Gjennom året vart det arrangert temakveldar på Frivilligsentralen, Kommuneplanen-besøk av ordførar, Vest Telemark brann og redning – brannforebygging, bildeframsyning ved Tordis Breivik og joleaktivitetar på frivilligsentralen.

Brukt bua på Meinstad gjer det godt, og dei frivillige som jobbar her har laga ein flott møteplass for alle folk i bygda. I tillegg til å selje ut bruka klede og diverse utstyr, tilbyr dei ein krok der alle kan sitje ned og hygge seg. Bruktbua har i utgangspunktet hatt opent kvar torsdag. Drifta ved Bruktbua går godt og har eit solid overskot, då Fyresdal kommune låner ut lokala gratis til Fyresdal Frivilligsentral. Overskotet skal delast ut til frivillige, frivillige lag og organisasjonar etter søknad.

Hausten 2024 etablera vi eit «bruktustipend styre» til å ta i mot søknadar og dele ut midlar frå dette overskotet. Medlemmer her er: Olav Bjørnerud, Mona Verina Lofthus, Randi Momrak, Arne Dag Lassemo og Anne Lise Greivstad. Bruktustipendstyret lyste oktober 2024 ut søkbare midlar frå «Bruktustipendet». Desse midlane skulle gå til frivillige, frivillige lag og organisasjonar som arbeidde for å få i gang aktivitetar i bygda. Vi fekk inn 12 søknader, og alle fekk støtte. Dette er ei ordning vi ynskjer å halde fram med, og tenker at midlane skal vere søkbare to gonger i året. Datoar og fristar blir annonsera gjennom kommunen sine kanalar.

Verdsdagen for psykisk helse 10.oktober blei markera i samarbeid med Fyresdal Røde kors, ved at vi stelte i stand quiz i Folkestadbyen, brukt bua var open, servering av gratis pizza frå steinomnen til Roan 4H- på utsida av Kulturhuset, og gratis konsert med No Boots i Kulturhuset på kvelden. Verdsdagen for psykisk helse er ein nasjonal dag som vi ynskjer å markere, også i framtida.

Frivilligheita blei feira 7.desember med eit «**Takk og Pris**» arrangement på Fyresdal Kulturhus i samarbeid med Hilde på Kultur. Vi servera gratis fingermat, konsert med Jon Solberg og Anne Gravir Klykken og delte ut Frivilligprisen og eldsjelprisen. Dette er eit arrangement vi ynskjer å vidareføre i åra som kjem.

Aktivitatar som har blitt jobba med og gjennomført med eksterne midlar:

Dagleg leiar har gjennom heile året jobba med å søkje eksterne midlar, og rapportere på desse når søknadane er blitt innvilga. Totalt i 2024 har Fyresdal Frivilligsentral fått innvilga 280 000 kr. frå eksterne aktørar.

-Støtte frå BufDir – oppgraderte utstyrssentralen med friluftslivutstyr.

-Støtte frå Sparebankstiftelsen DNB til å sette etablere Stolpejakten 2024.

-Støtte frå Fyresdal Røde Kors til å jobbe med aktivitatar knytt til psykisk helse og aktivitatar for barn og unge.

-Støtte frå Bruktbustipendet til å jobbe med freesbee – golf bane i Kynjushamaren.

Andre arbeidsoppgåver dagleg leiar har hatt:

Dagleg leiar har frå oktober 2024 vore med i arbeidsgruppa til den nye temaplanen for kulturbygg, idrett og friluftsliv. I samband med denne har vi opna opp for at bygdefolk skal kome med innspel og vere med å påverke innhaldet. I løpet av hausten 2024 har vi hatt dialogmøte, der vi invitera folk i bygda til å kome med innspel og har etterspurt innspel frå frivillige lag og organisasjonar som ikkje var representert på desse møta via e-post. Vi har fått gode innspel og mange av desse er kome med i den nye planen.

Dagleg leiar har jobba med å etablere samarbeid og fag forum med andre frivilligsentralar i nærområdet. Dagleg leiar har bruka tid til å styrke samarbeid mellom frivilligsentralane i Vest- Telemark. Nå har vi etablert gode rutinar, og håpar på fellesprosjekt for Vest Telemark i framtida. Fyresdal Frivilligsentral har hatt faste møte tidspunkt med Seljord Frivilligsentral, Vinje Frivilligsentral, Kviteseid Frivilligsentral og Nissedal Frivilligsentral. I tillegg til dette samarbeidet ser vi det hadde vore nyttig å vere fleir så vi har nå invitert Heddal, Bø, Sauherad og Drangedal til å bli med i vårt nettverk.

Dagleg leiar deltok også på Fagkonferansen, Norges Frivilligsentralar arrangerte april 2024. Dagleg leiar opplevde det som nyttig å knytte kontaktar med fleir i same stilling.

Fyresdal Frivilligsentral har jobba saman med Fyresdal røde Kors og Fyresdal kommune for å få i gang sommar aktivitatar som er gratis for barn og unge i Fyresdal sommaren 2024.

Fyresdal Frivilligsentral har gjennom året jobba med å få til ein dugnadsbank, der folk kan tilby og etterspørje teneste. Lite aktivitet. Har to frivillige som er klare til å hjelpe, men ingen etterspørsel.

Vi jobbar også med å få til ordning med besøksvenn. Lite aktivitet og få som etterspør besøk.

Etter årsmøtet 2024, fekk dagleg leiar i oppgåve å prøve å få i gang aktivitet rundt utstyret som står på Gardar etter Telemark lys. Utstyret som står der er avansert, og ein må ha ein del kunnskap om maskinene og apparata for å kunne bruke dei. Av den grunn er det naudsynt at nokon vil lære seg å bruke desse maskinene og apparata for å kunne ha aktivitet knytt opp rundt desse. Dagleg leiar i Fyresdal Frivilligsentral har i tillegg til generell førespurnad til folk i bygda, prøva å engasjere folk ved Gimle skule, og helse. Vi har hatt folk som har vore interessert og som har prøva, men det er vanskeleg å engasjere folk over tid.

I Fyresdal skjer det mykje arbeid i frivilligheita sitt namn utanom Fyresdal Frivilligsentral. Fyresdal Frivilligsentral har vore ein støttespelar for mange av desse frivillige laga og foreiningane i året som har gått. Denne støtta har vore i form av ulike tenester som arbeid med annonsering, ulikt kontorarbeid – lage plakatar mm, opplæring i «Tilskuddsportalen» og anna forfallande som trengs å bli utført i laget/foreininga.

Fyresdal Frivilligsentral har også hatt eit godt samarbeid med Kultur og Helse i arbeidet mot ungdom og folkehelse.